



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Jan Ove Fjellveit	602	17/05796-3	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Bjergvin bispedømeråd 2016-2019	05.12.2017

Høyring: Forslag til ny lov om trus- og livssynssamfunn

Saksorientering

Administrasjonen har hatt ein første runde med gjennomgang av høyringsnotatet frå Kulturdepartementet på ny lov for trus- og livssynssamfunn. Innspel frå første runde er tatt med i forslag til vedtak. Der det var delt argumentasjon er dette spegla med at det er to aller fleire alternative forslag til vedtak.

Denne saka er omfattande, og har store konsekvensar for kyrkjias framtidige moglegheiter til å sjølv organisere seg slik ein finn det tenleg. Vi meiner difor at det er viktig å få breiast mogleg sakskunne, før ein tek val i dei ulike høyringsspørsmåla.

Det vart 20.november invitert til ei open samling der departementet med Jørn Hagen innleia om lovforslaget. Det blei gitt responsar, og det var invitert tre ulike innleiarar i tillegg. Dette kan ein sjå på opptak via Bjergvin bispedøme sine nettsider.

Hovudgrunnlaget for staten sitt innsteg i å ville rydde opp i dette lovområdet er «Forenkling» og «likebehandling». Då særleg opp mot dei over 700 trus- og livssynssamfunna ein har registrert som mottakarar av statsstøtte i dag. På den andre sida omsynet til trusfridomen, og minst mogleg regulering frå staten si side. Dette mellom anna som følgje av skilje stat og kyrkje. Kyrkjemøtet sitt ønskje om ei enkel rammelov ligg i botn for staten si inngang i lovforslaget. Dette betyr mellom anna at staten ikkje vil lovregulere fellesråd eller bispedømeråd. Her ligg det som fundament at kyrkja sjølv skal kunne velje kva organ ein treng. Det betyr at det er kyrkja sjølv som vel i kva grad til dømes fellesråd er tenleg, og om dette skal vere på kommunenivå eller følgje andre storleikar, til dømes prosti.

Utkast til høyringssvar for Bjergvin bispedømeråd ligg som forslag til vedtak. Der det er aktuelt er det lagt inn fleire alternativ, til votering.

Sidan det er under spørsmålet om finansiering for Dnk at det er størst diskusjon, har administrasjonen satt dette opp med ein meir omfattande diskusjon, der pro og kontra blir synleggjorde. Det er forsøkt å samle dette med ein viss logikk. Det er samstundes slik at fleire av argumenta kan nyttast både for og mot. Dette overlèt vi til lesaren å avgjere. Det er ulike argument som og blir gjentatt, men under ulike overskrifter. Dette er likevel gjort, for å forsøke å synleggjere argumentasjonsrekker som heng saman, under same overskrift.

PRINSIPIELT:

Prinsipielt vil to ulike vektleggingar stå mot kvarande:

1. For delt finansiering vil eigarforholdet lokalt vere eit viktig moment. Dette er då knytt til kommunal finansiering og relasjonen til fellesråda.
2. For rein statleg finansiering vil likebehandling vere eit viktig argument. Då både mot dei andre trus og livssynssamfunna og for medlemmane i Dnk.

Nokon peiker på at ein må ta det stegvist. Det er lite sannsynleg at valet med berre statleg finansiering vil kome opp ved seinare høve. Slik sett vil val av finansiering vere noko ein må ta eit endeleg val på. Til siste er det stortinget som fattar vedtak, både om lov og finansiering. Det er samstundes slik at høyringsinstansane sine syn vil opne eller lukke handlingsrommet for endelege val i stortinget.

Det er viktig å vere mest mogleg faktaorientert, men følelsen av usikkerheit bør ikkje undervurderast. Til dømes når mange peikar på sentralisering og at sokna blir svekka. Er det slik at medlemmer i Kyrkjemøte vil soknet mindre vel, enn medlemmer i fellesråda? Sentralisering kan vere ei kraft i all omorganisering, men det kan ikkje sluttast frå dette til at Kyrkjemøtet ønsker ei sentralisert kyrkjemakt. Høyringa lovfester ikkje fellesråd, men det kan ikkje frå det sluttast at kyrkja ikkje vil ønske fellesråd. Fridom til at kyrkja kan teikne eigen organisasjon vil vi meine er prinsipielt viktig, og riktig. Og det er slik staten legg dette opp. Kyrkja sjølv må få bestemme eigen organisering.

I dette bilde er det og viktig å forstå at delt finansiering slik vi kjenner det, ikkje vil bli den same vidare. Det er val mellom to modellar i ny verkelegheit ein må prøve å vurdere. Kommunal finansiering vil bli påverka av ny lov. Til dømes ved at dei andre trus og livssynssamfunna i ny modell vil ha statleg finansiering. Dette vil gje andre moment til lokale politikar enn det som skjer i dag. Til dømes rundt forståinga av lik handsaming. Kunnskap vil vere vesentleg, i dei kommunale organa og i samfunnet. Ei ordning som må forklarast på historisk grunnlag vil over tid kunne bli svekka. Det er allereie endringar, ut frå at skilje stat kyrkje er kome på plass. For folk flest er kyrkja si todeling kompliserande. Forenkling og meir heilskapleg struktur er ønskjeleg for kyrkja, uavhengig av kva staten ønskjer.

KVA ER STATUS I DAG?

Kommunal finansiering:

I prostia utanom Bergen. Ut frå dialog med dei fleste fellesråda i haust meiner vi å kunne teikne eit bilete der to tredjedelar melder om stram eller redusert økonomi. Nokre med krevjande dialog med kommunen, andre melder om godt forhold til kommunen, men melder og at velviljen er større enn evne til å halde oppe finansieringa. Ein tredjedel melder om at budsjetta vert haldne på same nivå, og at dei har fått ein friske midlar til konkrete, avgrensa prosjekt. Det er og eit skilje om ein snakkar om kommunen som administrasjon, eller det politiske miljøet i kommunen. Personlege relasjonar er viktige, og ofte avgjerande. Det er sårbart. Mange fellesråd har små budsjett, med svært lite handlingsrom. Få har samarbeid på tvers av fellesråd. Det vert og meldt om et ny generasjon med politikarar ikkje har same kjennskap til kva kyrkja gjer lokalt, eller syn for at Dnk skal ha ei særstilling.

I Bergen er forholdet til kommunen godt, og med noverande politiske samansetting har ein og gode signal på økonomien. Det har samstundes vore signal om reduksjon på fem prosent, og det blei då satt i gong ei verksemdsgjennomgang i BKF på grunnlag av signala. Delt finansiering vil truleg vere mest gunstig for Bergen. Då både i forhold til dei andre, og for Bergen sjølv. Med statleg finansiering vil det kunne medføre utjamning med andre. Nokre midlar som til dømes *frivilligheitskoordinatorar* vil ein kunne miste. Det kan samstundes argumenterast for at denne type prosjekt vil ein kunne fortsette å få kommunal finansiering uavhengig av modell.

Dei store fellesråda har stordriftsfordelar og større buffer for å tåla endringar i vilkåra frå kommunane. Større kommunar blir heller ikkje råka på same måten i alle dei nye oppgåvene kommunane skal prioritere. Ein må difor skilje på dei fem til ni største kommunane, dei tjue nest største og dei nær fire hundre andre.

Det som skil seg særleg ut, er signala i dei kommunane som skal slå seg saman. Her bør ein sjå at denne typen endringar påverkar kyrkja i større grad, når økonomien er knytt til kommunen. Dømer på kva dette potensielt kan vere er:

- Underfinansiert omstilling. Fellesråda har budsjettert at dette kostar halv annan til to og ein halv millionar over tre år. Dei fleste har fått seks hundre til sjuhundre og femti tusen kroner over tre år. Dette påfører fellesråda fleire krevjande prosessar, og krevjande økonomi. Dette vil og bety at kyrkja vil måtte løyse omstillingane utan særleg finansieringa ved kvar ending i kommunestruktur framover, om ein har delt finansiering.
- Signal frå kommunane på at dei meiner ein har godt med administrativ resurs er del av dette. Det kan bety at innsparing vil ved delt finansiering kunne føre til redusert budsjett for det nye fellesrådet. Til dømes ved at tre årsverk vert redusert til to.
- Berre for inneverande periode kan dette bety reduksjon tilsvarande fem til åtte årsverk i fellesråda sine budsjett berre i Bjørgvin.
- I nokre av desse kommunesamanslåingane er det kome signal om at ein ikkje får vidareføre tenesteyting, og ulik signal på verdi av tenesteytinga. Eksempelvis knytt til rekneskap. Eit fellesråd har ved dette fått auke i kostnad på to hundre og tjuefem tusen kroner ved at ein må nytte ekstern ressurs (Akasia). Desse kostnadene vert ikkje kompensert i eit allereie pressa fellesrådsbudsjett.
- Ved delt finansiering vil denne typen tenesteyting kunne bli ein større kostnad enn det ein i dag kjenner til. Dette er skjult for mange små fellesråd. Potensiell risiko vil då vere ti tals millionar kroner om dette gjeld to hundre einingar. Dømet i Nordhordland syner at risikoen truleg er enda større, særleg for mellomstore fellesråd. Om mange fellesråd får rekning på to hundre tusen på rekneskap, så blir det er krevjande bilde.
- Ved statleg finansiering ville kunne hente dette ut som innsparing, ved at rekneskap ville kunne førast på færre einingar, i teorien ei eining. Jamfør det nye rettssubjektet, med ei verksemd og elleve bispedømer. Totalen i dette bilde er det viktig at ein forstår. Å samle til færre einingar kan redusere kostnadane med fleire titals millionar. Utgreiing av dette vil vere vesentleg. Her må ein og skilje på å redusere einingar på støttefunksjonar og å oppretthalde leiinga i dei lokale einingane. Dette avlastar soknet med funksjonar som er kompetansekravjande. Det vil frigjere soknet til å handsame sine eigne prioriteringar.
- Andre dømer vil vere revisjon eller IKT kostnader. Om ein tek forsiktige tall med revisjon på kroner femten tusen for firehundre einingar, så er det seks millionar kroner samla.
- Tala her er ikkje kvalitetssikra, men er tatt med for å synleggjere korleis denne typen kostnader kan slå svært forskjellig ut, ut frå val av finansiering. Viktigast er å sjå at konsekvensane ved dagens modell og er usikre. Eller rettare alle kostandene ved dagens modell er ikkje synleggjort.
- I tala over er ikkje summen av tidsbruk på alt som i dag blir gjort i over firehundre einingar parallelt tatt med. Dette er kostnader som er svært høge, og som kan nyttast betre.

Statleg finansiering:

Staten er relativt forutsigbar, på godt og vondt.

Ein har dei siste åra hatt effektiviseringsuttak på om lag ein halv prosent årleg. Dette vart signalisert og for 2018, men blei kompensert i endeleg budsjett. Ved rammeoverføring vil ein likevel over tid måtte rekne med strammar budsjett, grunna pris og lønsvekst.

Staten har hatt auke i budsjetttramma til Dnk over tid. Til dømes ved innføring av trusopplæringsreformen (tre hundre og femti millionar), og avvikling av buplikt (seksti millionar). Ut over dette har staten vore stabil. Auka kostnader på prestetenesta har medført strammare rammer, men det same skjer på fellesrådsida. Ein vil måtte redusere kostnader, eller skaffe nye inntekter. Det er dagens situasjon, ved delt finansiering, og vil bli det same uansett modell på finansiering. Det er spørsmål om kva handlingsrom ein har til å redusere kostnader, som skil mest i val av finansieringsmodell.

Det er om lag to milliardar statleg tilskot til kyrkja i dag. Om lag tre og ein halv milliardar på kommunale budsjett.

I Bjørgvin er det om lag hundre og sytti presteårsverk og seksten årsverk på bispedømekontoret.

Det er om lag hundre og tjue til hundre og femti administrative årsverk i fellesråda.

Stillingar som trusopplærarar, kateketar og diakonar er alle heilt eller delvis finansiert av statlege midlar.

Stillingar som kyrkjemusikarar, kyrkjetenarar og diakonar er heilt eller delvis finansiert av kommunale midlar. Det er vanskeleg å få oversikt, fordi det er mange stillingar som er deltid.

I Bergen er det inne midlar til frivilligheitskoordinatorar. Omorganisering gjer det noko komplisert å anslå kor mange årsverk/stillingar dette utgjer. Men om lag femtiprosent stilling i kvar kyrkjelyd.

Det er nokre få årsverk som kyrkjelydsprest, diakon eller trusopplærar som og har kommunale midlar ut over det «normale». I dei fleste tilfella er det lokale innsamla midlar, og ikkje kommunale midlar som finansierer denne typen stillingar, eller stillingar innan barne og ungdomsarbeid.

FORTSATT DELT FINANSIERING, KOMMUNAL OG STATLEG.

Det prinsipielle:

PRO:

- Det vert bygd relasjonar og nærleik mellom sokn og kommune ved at kommunen har ansvar for kyrkja også finansielt.
- Kommunalt ansvar styrkar eigarforhold frå lokalsamfunnet i forhold til kyrkja, særleg til kyrkjebygga.
- Kommunal finansieringsvilje er varierende, men der dette fungerer godt, vil ein truleg ha ein sikrere økonomi med både statleg og kommunal finansiering, enn berre statleg. Variasjonen er stor, og potensialet kan vere å auke kommunal velvilje der den i dag er lågare enn snittet. Det er samstundes og risiko for at kommunane justerer seg nedover, mot ei likebehandling som ligg i snittet. Dette er ope.
- Lokalt er kyrkja ein viktig del av det frivillige limet i lokalsamfunnet. Dette blir synleg ved lokal finansiering, men det kan og argumenterast for at det handlar om meir enn finansiering. Det kan og tenkast å bli styrka ved at samarbeidet med kommunen er frigjort frå spørsmål om økonomi.
- Lokalt eigarforhold til potensiell auke i budsjett, eller reduksjon i budsjett er ein kapital i seg sjølv. Ved eventuelle reduserte budsjett, og til dømes etterslep av vedlikehald på kyrkjene, så vil lokal finansieringsansvar måtte løysast lokalt. Då kan ein ikkje frigjere seg frå problemstillinga ved å peike på stat eller kyrkjemøte. Det vil bli tøffe økonomiske prioriteringar uansett modell i åra som kjem. Handlingsromet for å effektivisere er truleg mindre ved delt finansiering, men det kan gi større eigarskap til å løyse utfordringa. Det kan samstundes tenkast at det også kan verke handlingslammande ved at finansieringsansvaret er delt. Reint kommunalt ansvar ville slik sett truleg vore betre enn delt finansiering.
- Det er stor forskjell på om ein tenker at dagens modell med fellesråd som samsvarar med kommunane, eller om ein tenker moglege modellar med storfellessråd.
- Det er svært kostnadskevrande å ha mange små fellesråd som må følgje kommunestrukturen. Det skapar samtidig nærleik, og oppgåver kan ofte løysast nettopp på grunn av denne nærleiken. Særleg praktiske oppgåver, som brøyting, graving og bortetter. Det er samstundes slik at nærleiken handlar om relasjonar, ikkje finansiering. Det er truleg kyrkja ein vil hjelpe, ikkje den kommunale finansieringa?
- I Bjørgvin har vi mange fellesråd som har inntektsgrunnlag frå små kommunar, der økonomien er svært pressa. Fellesråd med under tre tusen innbyggjarar, budsjett på rundt eit par millionar og ein dagleg leiar i ulik prosentvis stilling. I dette budsjettet er det og statlege midlar inne, gjennom tilskot til trusopplæring. Til samanlikning er fordelinga av presteressurs tre tusen tre hundre medlemmer per prest i snitt, men i dei folkerike områda nærmare fem tusen medlemmer per presteressurs. Ved delt finansiering vil fordelinga ikkje kunne utjamne denne dreininga, auke i kommunal finansieringsvelvilje vil primært kunne

nyttast til dei områda kommunen har ansvar. Dette er ikkje eit pro/kontra argument, men syner at ein kan kome i ein situasjon der reduserte kostnader til administrasjon ikkje automatisk kan nyttast til å halde oppe nok presteressurs, om det er det ein ønskjer.

- Om ein ønskjer å samle fleire fellesråd til ei eining, anten tre eller fem, eller samla for heile prostiet, så er dette er mogleg både i ein rein statleg- og ein delt finansieringsmodell. Der ein har fått einigheit om dette lokalt, vil verdien av ei slik forankringa vere eit gode i seg sjølv. Det vil vere betre enn om ein opplever seg overkøyrd ved same modell med rein statleg finansiering. I den grad nokre stader får gode resultat av dette, vil det og kunne danne modell for andre. Og der ein ikkje gjer denne typen grep, vil ein måtte ta ansvar for dette sjølv, om det ikkje skulle fungere. Dømer på utfordringar som vil oppstå i tillegg til økonomi, kan vere rekruttering til dømes mot prestestillingar. Fordelen er at nærleik til konsekvensane av vala som blir gjort lokalt, blir synleg som eit ansvar ein må løyse på same nivå.
- Nærleik kan utløyse friske midlar til ulike prosjekt. Dømer kan vere ny stolar i kyrkja, brannsikring eller stillingar. Bergen er her i ein klasse for seg, med frivillighetskoordinatorar. Dette utgjør mykje økonomi, men spørsmålet er om det også ville vere mogleg om det ikkje var kommunalfinansiering av fellesrådet sin drift. Det kan argumenterast begge veier, i nokre tilfelle ville det vore enklare, i andre tilfelle føl det av kontakten ein har. Det er også andre mindre eksempel på kommunalfinansiering av «nye» stillingar, men biletet er svært variert. I mange av desse eksempla, er det samstundes slik at bispedømmet er arbeidsgjevar, eller inne med midlar. Initiativet har ofte vore avhengig av bispedømmet, i godt samspel med det lokale. Siste døme på dette er kyrkjelydsprest i Søreide, der søkarane i førre runde takka nei, fordi arbeidsgjevaransvaret var lokalt. Fellesrådet har sagt nei til å vere arbeidsgjevar, fordi det medfører risiko. Eller rundt etablering av diakonstilling i Førde eller Askøy, der bispedømmet var aktiv saman med dei lokale fellesråda. I begge dei siste to tilfella er det samstundes kome signal om kommunal reduksjon, og då er det lokale fellesråde for lite til å bere risikoen. Om ein hadde ei finansiering ville ein då vert tryggare. Ved delt finansiering er ein avhengig av mange lokale budsjett vedtak. Det finnes og dømer der kyrkja vert råka av utsegn i det kyrkjepolitiske landskapet, som får direkte budsjett konsekvensar. Dette er sårbart både på lokalt og nasjonalt nivå.
- Det kan vurderast om Gjønnes utvalet sin modell er mogleg for å ivareta ein delt finansiering på ein meir tydeleg måte? Det vil då skilje mellom drifta av kyrkjebygga og drift av kyrkja sitt arbeid (stillingar med meire).

Kontra:

- Prinsipielt gjev delt finansiering ulik handsaming medlemmer i Den norske kyrkja. Ei side er at kommunal finansiering gjev svært ulike tilskot per medlem i mellom kommunane. Variasjon frå fem hundre til tre tusen kroner per medlem. Tendensen er at rådmennene samanliknar seg nedover, og ikkje oppover i dette bilete. Dette har vi fleire dømer på i Bjørgvin. Ulik føring av kva ein tek med forsterkar dette. Til dømes at kommunar med høg tenestyting opp mot fellesrådet har lågt tilskot, men betre situasjon enn tala seier. Dette får konsekvensar ved samanlikning, og ved kommunesamanslåingar.
- Nærleik og eigarforhold handlar truleg meir om kva tenester lokalsamfunnet får, meir enn kvar tenesta er finansiert frå. Presteteneste har i dag sterk tilknytning til lokalsamfunnet, sjølv om denne er statleg finansiert. Like eins trusopplæringsstillingar og kateket. Diakon stillingar kan vere finansiert frå ulike kjelder, det ikkje noko som tyder på at det er meir eigarforhold til «vår diakon» enn «vår prest». Gjevarteneste gjev høgare eigarforhold enn offentleg finansiering, anten delt eller med ei kjelde.
- Den kommunale finansieringsvilje er i endring. Dette merkar til dømes fellesråd som er inne i kommunesamanslåingsprosessar. I dei fleste prosti i Bjørgvin er det slik at majoriteten melder om strammare økonomi. Mindre kunnskap hos lokale politikarar på kva kyrkja driv med. Skilje stat kyrkje har forsterka dette, og ein ny generasjon politikarar. Der forholdet er svært godt, så handlar dette i stor grad om personlege relasjonar. Dette er sårbart.

- Redusert kommunal kunnskap om kyrkja er eit argument både for og kontra. Pro fordi det vil vere viktig å ikkje forsterke kunnskapsløysa. Og at kyrkja er synleg i kommunens budsjett vil halde kommunal merksemd på kva kyrkja driv med. Kontra vil vere at det nok er ein uunngåeleg situasjon. Spørsmålet blir om det er viktigast med nærleik gjennom ressursar i prestetenesta og andre fyrstelinjetenester, eller administrative ressursar på å vere til stades med fellesråd i kvar kommune.
- Kommunale politikarar vil og reise spørsmålet om kvifor kyrka skal prioriterast. Dei har kanskje medlemskap i andre kyrkjer, eller trussamfunn, og vil difor argumentere med at dette er forskjellshandsaming. Dette vil bli endra i ny situasjon, der alle andre er statleg finansiert. Dagens situasjon er difor ikkje målestokk, det er framtidig finansieringsvilje og evne til prinsipiell tenking som vil vere avgjerande.
- Kommunal finansiering skaper eigarforhold, men spørsmålet er om dette er sterkare i eigarforhold til kyrkjebygga, enn til kva tilsettegruppe som er statleg eller kommunalt finansiert? Det kan vere ein modell at finansiering rundt kyrkjebygga er kommunalt ansvar, og resten statleg finansiering. Då kan ein bygge ein heilskapleg organisasjon, og samstundes halde på lokalt eigarforhold til kyrkja. Mot dette vil erfaringar ved prestebustadane kunne trekkast fram. Kommunale prestebustader var dårleg følgt opp av kommunane. Kommunen var stort sett lite villig til å nytta midlar på noko som ikkje direkte var deira ansvar. Kyrkjebygga er samstundes meir synleg, enn kommunale bustader, og det vil vere viktig for lokale politikarar å ivareta kyrkjebygga. Samstundes vil då utvendig vedlikehald prioriterast høgare enn tiltak kyrkjelyden kanskje vil prioritere. Det ser ein skjer fleire stader i dag. Kommunane overprøver nokre stader og i dag fellesråda sine prioriteringar.
- Etterslepet på vedlikehald er ti milliardar kroner i dagens modell. Staten peiker nettopp på at dette truleg kunne vore løyst betre om ein såg vedlikehaldet i ein større samanheng.
- Ved delt finansiering vil ein også kunne kome til ei arbeidsgjevar linje, men finansiering vil og vere med å halde oppe ei deling i stillingane. Slik ein har det i NAV med to ulike finansieringskjelder til stillingar i same verksemd. Dette vil følge til dømes midlar på etter og vidare utdanning, kurs og rekruttering. Likeeins vil ein halde oppe at det er over fire hundre arbeidsgjevarar, med ulik økonomi og ulik arbeidsgjevar kompetanse. Kostnaden ved dette blir då fort sedimentert og vidareført.

Organisatorisk:

Pro

- Nærleik mellom kyrkjelege organ og lokal samfunn er viktig. Soknet er her grunneininga. Fellesråd i ny struktur kan ha ulike storleik, men det er truleg semje om at dagens struktur på kommunar gjev for mange små fellesråd. Det er peika på storfellesråd som i hovudsak samsvarar med prosti i storleik. Dette er det også mulig å få større einingar av fellesråd med både kommunal og statleg finansiering. Det vil truleg vere enklare med rein statleg finansiering, men det avheng av kva støtte meir samordning for større fellesråd har i dei lokale sokneråda.
- Kommunane er i endring. Større kommunar vil kunne gje moglege effektiviseringsgevinster og for kyrkja. I kva grad kommunane i ein slik situasjon let kyrkja behalde midlane på same nivå, vil truleg variere ut frå dei lokale forholda mellom kommune og kyrkje. I overgangen vil det måtte opparbeidast relasjon til ein «ny» kommune, for å behalde nærleiken. I kva grad dette er eit pro eller kontra argument, vil då vere ulikt frå kommune til kommune.
- Høyringa har ikkje lovfesta fellesråd eller bispedømeråd. Dette for å gje kyrkja organisasjonskompetansen i ny ordning. Kva som er tenlege einingar for fellesråd og bispedøme vil då kyrkja sjølv kunne bestemme.

Kontra

- Det vil ta lengre tid å kome til ein tenleg organisasjon med delt finansiering.

- Det vert skapt motsetningar ved delt finansiering. Det vil det og ved ei finansiering, men truleg vil det vere mogleg å trygge ved at alle einingar i starten får same ressursar, til dømes innan prostia. Slik at diskusjonane om prioriteringar kan bli tatt innan ei mest mogleg lokal eining. Og ikkje mellom lokalt og sentralt. Dette har ein klart overgangen for nytt rettssubjekt. I 2019 vil ein få diskusjonane om fordelingsnøklar. Denne typen debatter må ei sjølvstendig kyrkje finne ut av. Forutsigbarheit og tryggheit vil vere viktige verdiar i dette. Ved delt finansiering vil forutsigbarheiten ikkje bli betre enn ved ei samla finansiering. Spenningane vil vere store i begge modellar, men ved delt finansiering får ein det internt i kvar stab og kyrkjelyd.
- Kyrkja vert for opptatt med indre organisering i for lang tid. utfordringane for kyrkja handlar om å vere til stades i samfunnet, og om rekruttering. Då både målt mot oppslutning rundt gudstenester og anna arbeid. Og mot å få søkjarar til alle typar stillingar. Difor er tidsfaktoren ved å kome til ei framtidig kyrkjeordning ein vesentleg risikofaktor. Denne er truleg større ved delt finansiering enn rein statleg finansiering.
- Støttefunksjonar som HR, økonomi, IKT kostar meir ved mange einingar. Og kvalitet kostar, og må difor sikrast ved få gode, enn mange dels gode ressursar på dette. Det må ikkje blandast saman med å ha leiing i dei lokale einingane.
- Kvant demokratisk nivå treng eit byråkrati. Produksjon av sakspapir, møter og bort etter er kostnader. Når fellesråd på storleik med Bergen fungerer, så kan og fellesråd på storleik med eit prosti fungere. Det er mange årsverk berre i sakshandsaming spart. Ein kan og tenke modellar der prostia i Bergen er storfellesråd, men at eigeomsavdelinga inkluderer kommunane Bergen, Os, Osterøy og Austevoll. Det er her ulike moglege modellar, dette er det opp til kyrkja å avgjere i neste runde.

Økonomisk:

Pro

- Både kommunal og statleg finansiering gjev fleire bein å stå på økonomisk. Det er samstundes komplisert å sjå om totalen blir mindre eller større i den eine eller den andre modellen. Fagleg vil vi likevel argumentere for at handlingsrommet, eller fridomen til å sjølv organisere seg, er større ved rein statleg finansiering. Eller rettare tryggleiken for at dei val ein gjer, i mindre grad får økonomisk negative konsekvensar. Til dømes ved at små kommunar ikkje vil finansiere eit stor fellesråd med fleire kommunar.
- Potensiale til å hente ut kommunale midlar på prosjekt og stillingar. Det er stor forskjell på dette rundt omkring. Særleg knytt til kva type stillingar som kommunen finansierer ut over det lovpålagde. På prosjekt som inventar til kyrkjer, vedlikehald og bort etter er det truleg størst potensiale innan dette å hente ut midlar ut over budsjettet. Dette er likevel små summer, oftast i storleiken like over eller undre hundretusen kroner, som ein eingongssum.
- Investeringsbudsjetta i samhandling med kommunane er viktig, og kva ordning rein statleg finansiering vil gje, er eit usikkerheitsmoment.
- Normalen er at budsjetta er stramme, og det vert i større grad varsla kutt i budsjett. Kyrkjevevjene og fellesråda brukar mykje tid på å pleie kontaktane i kommunen. Det er generelt stor velvilje, men handlingsrommet i stram kommuneøkonomi er lite. Anten ein ser på statleg eller kommunal finansiering er det viktig å sjå realistisk på at rammene ikkje vil auke, truleg konstante, men alt avheng av politisk vilje.
- Mogleg effektivisering vil kunne være størst ved ein samanhengande finansiering og organisering, men delt finansiering vil og måtte ta inn at effektivisering må gjerast.
- Potensialet til vekst i kyrkjelege budsjett ligg anten i å om fordele ved å redusere kostnader, eller ved private kjelder som gjevarteneste eller liknande. Det er og mogleg å få gevinstar ved enklare organisering ved både kommunal og statleg finansiering, og om ein vel å gå for den modellen vil det vere viktig å teikne ut dette. Kven som då har mynde til å ta tak i dette må også avklarast. I teorien kan fellesråda innan eit geografisk område samordne seg i dagens ordning og kan hente ut gevinstar som ville gitt medlemmene betre tenester. I berre

lite grad skjer dette frivillig. Sogndal og Leikanger er eit døme på at det kan gå ann. Kommunesamanslåingane som kjem har og potensiale til å vise veg i dette.

Kontra:

- Bind opp mykje administrative ressursar som kunne vore nytta betre. Til dømes ved at ein må følgje fleire rekneskapsstandardar.
- Dobbelt rapportering, sidan det er fleire tilskotgjevarar. Til dømes på kateket- og diakonstillingar, og på trusopplæringsmidlane. I ein meir samla økonomi, ligg der potensiale til effektivisering på desse områda.
- Vanskeleg å hente ut mogleg effektivisering ved å sjå stillingar i større samanheng.
- Vanskelegare å lage stillingar som kunne vore meir fornuftig i ein heilskap. Til dømes å flytte midlar mellom presteressurs og kommunale midlar for å sikre fleire stillingar lokalt i distrikta. Ein kan ikkje sjå ulike stillingar i samanheng, fordi dei er finansiert av ulike kjelder. I nokon grad har ein fått til dette, men foreløpig har det vore avhengig av at bispedømet har hatt ei aktiv rolle, eller har tatt ansvar og risiko.
- Dagens ordning er i hovudsak knytt til dagleg leiing av fellesrådet, og andre oppgåver som kommunen har finansieringsplikt på ut frå lova. På nokre av desse områda vil større einingar redusere finansieringsplikta, til dømes dagleg leiing. Der kommunane slår seg saman, vil det truleg bli redusert tildeling som resultat av at eit nytt større fellesråd ikkje treng same byråkrati som tre små. Møter, sakspapir osv blir mot eit felles organ. Innsparinga ved delt finansiering vil truleg kommunen få, ved statleg finansiering ville ein kunne sikra desse midlane i kyrkja i større grad.
- Likeeins har dei fellesråda som er i kommunesamanslåing vist at dette blir underfinansiert. Det betyr at fellesråda tek ei stor rekning kvar gong ein vert «råka» av kommunesamanslåingar. Dette vil kyrkja måtte rekne med ved delt finansiering.
- I tillegg har vi fleire tilfelle av at kommunen seier nei til vidare tenesteyting innan til dømes å føre rekneskap. Der dette ikkje vert kompensert frå kommunen er dette kritisk for fellesråda, både med tanke på økonomi og kompetanse. Storleiken på dette vil variere, men det synleggjer ein framtidig potensiell stor kostnad eller innsparing. Ved delt finansiering vil dette bli kostnad. Ved statleg finansiering ville ein kunne redusere tala på einingar som må føre rekneskap. Innsparing i to hundretusen kroners klassen på eksempelvis å redusere med to hundre einingar, ville då gje ei innsparing på førti millionar korner. Tala her er ikkje utgreidd, men dette er viktig å forstå som ein vesentleg kostnad med å vere over firehundre delte einingar med delt finansiering. Kostnad til revisjon, rekneskap, IKT, kontingentar og bort etter er ei stor kjelde til kostnad eller redusert kostnad alt etter modell ein her vel. Det kan bli auka kostnad mot no situasjonen, om bortfall tenesteyting frå kommunane ikkje ver kompensert.
- Dei store fellesråda, som er like store som eit eller fleire prosti, er truleg ikkje inne i same risikobilete som dei små, fordi dei ikkje har tilsvarande tenesteyting. I nokon grad vil dei kunne tene på å overta rekneskap for dei små, slik Bergen/Akasia gjer i dag. Det er difor viktig å sjå dei største med andre auge enn dei mindre. Bispedømerådet må sjå alle. I stort vil og kyrkja bli målt på om vi klarer å vere landsdekkande.
- Fleire instansar og ulike finansieringsordningar har potensiale i seg til auka rapportering, og bind slik det er i dag opp frivillige ressursar og tilsette ressursar som kunne vore nytta annleis.

STATLEG FINANSIERING

Pro

- Lik handsaming av alle norske borgarar. Alle andre trus- og livssynssamfunn vert statleg finansiert. Ulik finansieringsmodell kan skape ulik praksis. Og ulik kompetanse hos bevilgande mynde.
- Lik handsaming av alle medlemmer i Dnk. Det er stor ulikskap i kommunane sin finansiering av kyrkja lokalt. I botn må det vere likt. At ein lokalt kan få til gode samarbeidsprosjekt med

kommune eller andre er noko anna, grunnfinansieringa bør vere lik anten ein bur Bærum eller Berlevåg.

- Kyrkja ønskjer å bli sjølvstendig. Finansiering er ein viktig del av dette. Det kan føre til meir makt sentralt i Kyrkja, men det er det Kyrkja sjølv som må ta val på.
- Handlingsrommet for å styrke soknet er minst like til stades ved statleg finansiering, som ved delt finansiering.
- Det kan og argumenterast for at ein lik finansiering, i større grad opnar opp for sjølvstende for sokna, enn ein struktur som bind opp resursar knytt til kommunestrukturen. Det blir då sokna sine krav og ønsker som blir styrande, ikkje fellesrådsstrukturen i seg sjølv. I kva grad ein vil legge oppgåver til andre organ på vegne av soknet er ein då friare til å vurdere.
- Kyrkjemøte får større organisasjonskompetanse ved ei statleg finansiering enn ved delt. Dette vil vere eit pro kontar spørsmål, ut i frå om ein har tillit til kyrkjemøtet.
- Ved statleg finansiering vil ein kunne kome raskare til ei avklaring i kyrkjeordningsspørsmålet. Prinsipielt låser det ikkje nokon av modellane. Tvert om vil vi argumentera for at arbeidsgjevaransvar vil kunne leggjast ned til fellesråd med tenlege storleik enklare ved ei felles finansiering. Det vil og skapa ein meir reell felles arbeidsgjevarlinje, enn ved delt finansiering.
- Det må og skiljast på kva oppgåver som kan vere klokt å samle i større einingar eller nasjonalt, og kva funksjonar og mynde som bør ligge mest mogleg lokalt. Det bør ikkje brukast meir ressursar enn naudsynt på å føre rekneskap, ha HR støtte, IKT støtte, fagstøtte og bortetter. Det vil frigjere ressursar til lokalkyrkja, og i forhold til leiing og administrasjon.
- Effektiviseringsgevinsten av til dømes noko så enkelt som revisjon, kan synleggjere dette. Det kostar å revidere eit stort rekneskap, men det kostar meir samla å revidere mange små. Differansen ein hentar ut, er det som i dag kan kallast svinn. Denne kan ein på mange områder redusere, og hente ut som friske midlar. Dette gjeld og rekneskap, IKT, kontingentar og innkjøp, berre for å nemne noko.
- Deretter kan ein sjå på i kva gevinstar ein kan hente ut ved å redusere personalkostnader som følgje av at mange gjer same jobben i mange små einingar. Denne gevinsten kan ein anten ta ut i å redusere stillingar, men det kan og takast ut i endra oppgåver og fokus. Til dømes spurte ein seg i Bjørgvin bispedøme sitt vennskaps bispedøme i London. «Er det viktig for kyrkja å ha eit innadventt byråkrati med fokus på kontroll og saker til handsaming, eller å ha ein administrasjon som er utadventt og i kontakt med publikum?» Ein treng begge deler, men valet av balansen påverkar resultatet, og i lengda har ein ikkje råd til for mykje av det første.
- Staten ønsker forenkling. Statleg finansiering forenkler og for kyrkja. På rapportering, både internt og eksternt. Til dømes mot alle kommunane og staten. Og internt på statelege tilskot til fellesråda.
- I fellesråda skal kyrkjevevjene i dag handsame ei utruleg breidde. Det gjer at det blir varierende kvalitet. Samordning av den kompetansen som er der i dag, ville ha betre situasjonen, økt kvaliteten. På sikt ville ein kunne tenke heilskap, om ein har statleg finansiering, ved delt finansiering er det og mogleg, men langt meir komplisert.
- Finansieringa vil legge band på kva statlege og kommunale midlar kan nyttast som. Kven som skal ha gevinsten av efftiviseringstiltak vil bli ein diskusjon, med tilhøyrande rapportering mot både stat og kommune. Dette kan ein trekke fram fleire eksempel på. Med ei finansiering vil kyrkja sjølv i større grad kunne ta slike avgjerder. Og det må takast lokalt, ut frå den økonomi ein har blitt tildelt etter fordelingsnøklar.
- For å synleggjere dette kan ein tenke ressursane i eit prosti. Korleis ville ein organisere dette med tanke på administrasjon om ei stod fritt? I Vesthordland er det no to fellesråd, og ein kunne vore eitt. Med til dømes ein prost, ein kyrkjevevje, ein økonomileiar og ein kyrkjebygg ansvarleg ville ein likne på ein vidaregåande skule. Med ein rektor som har ein administrasjon. Med budsjett ansvar, tilsettingsansvar også bort etter. Det vil bygge sterkare kompetanse i prostiet, og nivå over treng ikkje byggast opp. Dette berre for å synleggjer at dette handlar både om kvar ein legg ansvar og korleis ein får meir tydeleg leiing, utan at det betyr sentralisering til bispedømenivået.
- Det store spørsmålet må bli korleis nyttar vi midlane til best mogleg tenester for dei som bur i sokna. Kva slag stillingar ein treng for å løyse oppgåvene ville ein stå fritt til å tenke

gjennom. Dette biletet ville utløyse endå større moglegheiter til å få fleire stillingar i fyrstelina i prosti som Hardanger og Voss, Sunnfjord eller Sunnhordaland. Mindre administrasjon, meir diakoni, trusopplæring, kyrkjemusikk og presteteneste.

- Det ville bli enklare rapportering på økonomi. Betre innsyn, og likare handsaming.
- Vedlikehald ville ein kunne løyse med meir musklar enn det mange små einingar kan.
- I dagen situasjon bind vi mykje ressursar opp i å følgje kommunestrukturen.
- Det vært peika på potensialet til å hente ut meir midlar i frå kommunen. Det er samstundes eit etterslep på ti milliardar på vedlikehald. Utløyser tilknytning til kommunen meir midlar framover? Eller er potensialet ved forenkling større?
- Romsleg vert det uansett ikkje, men kva balanse treng ein mellom administrative støtte funksjonar og fyrstelina? I fellesråd med mindre enn ti tilsette, er det kostnadsdrivande å ha ein eigen administrativ ressurs. Vi har fellesråd med seks sju tilsette og tre administrative årsverk.
- Om ein samlar ressursane i eit prosti vil ein kunne løyse dei fleste oppgåver betre, enn i ein struktur med mange små fellesråd. Dette gjeld både vedlikehald, og kyrkjeleg betening i fyrstelinja. Kyrkja kan då velje storleik på fellesråd utan å ta omsyn til kommunestruktur. I dag bind ein sær s mykje ressursar opp i å følgje kommunestrukturen, dette tappar soknet for ressursar til fordel for fellesråda.
- Det er mogleg å slå saman dette og tenke slik også ved ein delt økonomi, men då vil ein kunne risikere at kommunane reduserer tilskota sine. I ein økonomi, har kyrkja i større grad kontroll på å sjølv ta ut gevinsten ved effektivisering.
- Det er og risiko knytt til å legge all finansiering til staten. Den risikoen er ikkje mindre opp mot kommunane, men det er stort skilje mellom kommunane, og ut frå det kyrkja sine rammevilkår.
- I dagens situasjon er det eit etterslep på ti milliardar på vedlikehald av kyrkjene. Blir dette betre eller verre av å fortsette med same system? Kyrkja får større fridom ved å ha midlane samla, men og større ansvar. Rike fellesråd vil kunne tape på ei felles fordelingsnøkkel, der dei i dag ligg over landsgjennomsnittet. Andre vil kunne stå sterkare.
- Kyrkja må då og måtte ta dei vanskelege avgjerdene sjølv, eksempelvis å avhende kyrkjer.

Kontra

- Ved innføring av eventuell statleg finansiering vil det føre til forenkling for stat og kommune. Det bør kyrkja kunne argumentere for at og må kome kyrkja til gode. Kyrkja vil måtte bygge opp noko kompetanse på finansforvaltning, og andre felt for å overta dette ansvaret. Det vil likevel truleg måtte takast som del av statens forventning om effektivisering.
- Det politiske bildet med staten som einaste finansieringskjelde kan vere usikkert. Ein vil samstundes ha ein stabilitet i eit visst tidsvindaug etter innføringa av ny lov, men på sikt vil ein måtte bygge opp ein samla argumentasjon for å oppretthalde rammene.
- Ein vil måtte starte arbeidet med å bygge ein økonomi som ikkje er avhengig av offentleg finansiering aleine. Dette vil ein måtte gjere både ved statleg og ved delt finansiering. Ved rein statleg finansiering, vil og kyrkja kunne samspele med kommunane på ein annan måte enn i dag. Både opp mot staten, og lokalt i kommunane.
- Dersom ein får statleg finansiering mot eit fleirtal i kyrkja, så vil det kunne slå kontra i vanskelege prioriteringssaker.
- Om ein ikkje får effektiviseringsgevinstar som sokna opplever reelle vil ein forsterke opplevinga av at kyrkjemøtet ikkje vil sokna vel.
- Risikoen ved spenningane i kyrkja er stor. Konstruktivt kan det utløyse kreativitet. Destruktivt utløyer det apati. Her har alle stort ansvar. Kapitalen av motiverte tilsette og frivillige er viktig, og kritisk å miste.
- Det er kritisk om ikkje dei folkevalde eig ein felles visjon om å bygge ei felles framtidig kyrkje. Kyrkjemøtet kan ikkje leve med å miste «standing» i sokneråda.
- Dette gjeld uavhengig av modell. Det er ikkje opplagt kva som er rett svar på dette store spørsmålet, men det er nettopp difor viktig at ein ikkje tar som premiss at det ein kjenner i

dag, blir slik vidare. Det skjer store endringar i samfunnet som påverkar dette. Lovforslaget i seg sjølv vil og endre premissa i forholdet til både kommune og stat.

PRO GJØNNES UTVALGET SIN DELING KOMMUNAL /STATLEG FINANSIERING

- Det kan argumenterast for delt finansiering, men langs Gjønnnes utvalet sin argumentasjon med å skilje kyrkjebygga ut som det kommunale ansvaret, og alt det andre til staten.

Dette vil langt på veg komme begge argumentasjonsrekker i møte. Motargumentet vil vere at det er eit etterslep på ti milliardar i dagens ordning. Det vil samstundes vere slik at om kyrkja sjølv får organisere arbeidet noko friare enn berre lagt til den einskilde kommune, så kan ein kome lengre. Spørsmålet blir korleis dette slår ut for kommunane sin finansieringsvilje. Det kan og bli slik at folk oppfattar ansvaret som kyrkja sitt, og omdøme av dårleg vedlikehald blir kyrkja sitt, aleine, sjølv om kommunen har eit ansvar?

Vi tek ikkje opp at alle argumenta, men overlet til lesaren å sjå at deler av argumentasjonen over vil gjelde på same måte her.

OPPSUMMERING

Staten vel i høyringsutkastet å ha tillit til kyrkja sine demokratiske organ. Det er og viktig å sjå at dette ikkje er ei intern kyrkjeleg høyring, men ei høyring der vi som kyrkje vert sett samla i forhold til alle andre. Likskap er eit av nøkkelorda i dette.

Administrasjonen vil fagleg peike mot at forenkling er naudsynt og difor mot ein samla finansiering. Ein vil meine at statleg finansiering er det få andre som ville sagt nei til. Kyrkja sin framtidige organisering hastar, dette er og eit argument for statleg finansiering. Fridomen til å teikne tenleg organisering er størst ved ein finansiering. Risikoen med sentralisering ser vi som liten, tvert om bind kommunal finansiering opp ressursane slik at sokna mister mynde og ressursar. Økonomisk risiko ved delt finansiering har vi synleggjort. Likeeins at statleg finansiering kan gje mogleg friggjort økonomi og større handlingsrom enn ved delt finansiering. Kva storleik fellesråda skal ha, om ein skal ha bispedømeråd og bortetter vil ein måtte teikne ut frå kva som er tenleg for sokna. Og dette vil kunne sjå noko ulikt ut frå Landås eller Landro.

Kyrkja ønsker ei arbeidsgjevarlinje. Dette er og enklare, og meir reelt ved ein samla offentleg finansiering. Det er ein fortsetning i vår argumentasjon, at dette ikkje betyr auka sentralisering. Tvert om vil vi meine at det vil vere vesentleg at mynde for leiing, budsjett, tilsettingar og bortetter blir lagt så låg som mulig. Om dette er store sokn, eller fellesråd av små sokn, det vil det vere opp til kyrkja å finne ut av kva som er tenleg.

Forslag til vedtak

Framlegg til høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd

Forslag til ny lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)

Kulturdepartementet ønsker tilbakemelding på om høyringsinstansene er enig eller uenig i de sentrale forslagene i høyringsnotatet *Forslag til ny lov om tros- og livssynssamfunn, KUD 2017*.

Til hvert forslag er det henvist til de aktuelle kapitlene og paragrafene i høyringsnotatet. Der er forslagene utfyllende beskrevet. Høyringsinstansene gir uttrykk for sin mening ved å krysse av om de er **enig eller uenig** i det enkelte forslaget. I tillegg blir de spurt om de mener det aktuelle forslaget er **viktig/uviktig** - eller om de ikke har noen bestemt oppfatning om det.

Det er ikke nødvendig å ta stilling til eller kommentere alle forslagene.

Til hvert forslag er det også et kommentarfelt. Her er det mulig å skrive inn synspunkter, forbehold og kommentarer.

Innleiing:

Bjørgvin bispedømmeråd har i møte 5. desember 2017 vedtatt fylgjande høyringsvar:

Bjørgvin Bispedømmeråd er glade for at utkastet verdsetter betydninga av tru og livssyn både for den einskilde og for samfunnet. Vi er og glade for at utkastet så tydeleg peikar på at Den norske Kyrkja skal vere ei brei, demokratisk og landsdekkande folkekyrkje med sokna som grunneining.

Alt 1: BBDR meiner at særstillinga til Den norske Kyrkje best ville vore ivaretatt i ei eigen lov for DnK også vidare. Samstundes ser vi gode argument for å samordne og forankre alle trus- og livssynssamfunn i same lov. Uansett er det viktig at Stortinget strekar under premissane som er naudsynte for at DnK skal vere ei landsdekkande kyrkje.

Alt 2: BBDR er samd i intensjonen i lovforslaget om å gje ei rammelov med få føringar og at ein skal oppdatera og forenkla lovgjevinga.

Forslagene

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. *Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og § 1.*

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Alt 1: Bjørgvin bispedømmeråd (BBDR) meiner at særstillinga til Den norske Kyrkje best ville vore ivaretatt i ei eigen lov for DnK også vidare. Samstundes ser vi gode argument for å samordne og forankre alle trus- og livssynssamfunn i samme lov. Uansett er det viktig at Stortinget strekar under premissane som er naudsynte for at DnK skal vere ei landsdekkande kyrkje.

Alt 2: Bjørgvin bispedømmeråd støttar ei felles lov om trus- og livssynssamfunn og meiner at trongen for særleg lovgjeving for Den norske kyrkja ut frå denne si særstilling i norsk historie, samfunn og grunnlov vert tatt vare på gjennom eit eige kapittel i lova.

2. *Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1.*

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømmeråd støttar ei slik tydeleg uttrykt formulering om å understøtta trus- og livssynssamfunn.

3. *Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1.*

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd støttar denne definisjonen av trus- og livssynssamfunn.

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhøyr til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3.

Framlegg til svar:

Samd__ Usamd_X_

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at trus- og livssynssamfunn bør ha lovheimel for å få opplysningar om born til medlemmer for å kunna driva si verksemd og i Den norske kyrkja sitt tilfelle informera og invitera medlemmer til dåp av sine barn og trusopplæring slik ein tradisjonelt har gjort og går imot ei oppheving av denne lovregulerte ordninga.

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3.

Framlegg til svar:

Samd__ Usamd_X_

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at ein ikkje bør ha ei grense på 500. Det er skilnad på trussamfunn og livssynssamfunn på den måten at kristne og andre religiøse grupper og trussamfunn treng koma saman for å tilbe og bygga fellesskap mellom trusfeller på ein måte som livssynssamfunn ikkje treng. Difor har trussamfunn vore avhengig av å bygga lokale fellesskap av dei som kan møtast for felles praksis medan livssynssamfunn har kunna bygga større virtuelle samfunn gjerne på nasjonalnivå utan trong for å møtast, men for menneske som sluttar seg til felles livssynsoppfatningar. Lovgjevarane har til no anerkjent dette ved å gje ulike grenser for medlemskap for dei to i lovverket.

Når ein har som mål samordna lovverket bør det difor ikkje vera grensa frå lov om livssynssamfunn som ligg til grunn. Bjørgvin bispedømeråd ser likevel at det vil vera fornuftig med ei grense og vil foreslå 100 fordi det er ein realistisk storleik for medlemskap i eit lokalt religiøst fellesskap. Vi støttar oss her og på fleirtalet i Stålsett utvalet. Ei høgare grense vil tvinga trussamfunn med kongregasjonistisk syn til å slå seg saman mot deira ideologi eller skapa problem for t.d. små etniske og særspårakele trussamfunn.

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap, jf. kap. 7 og § 3.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at så lenge det er ei grense, og den bør vera 100 medlemmer, må det vera mogeleg for mindre likearta trussamfunn i ulike lokalmiljø å bli registrert i fellesskap.

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlege tilfeller, jf. kap. 7 og § 3.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__

Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at så lenge det er ei grense, bør det og vera ein heimel for unntak i særlege tilfelle.

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

Framlegg til svar:

Samd_ Usamd__

Viktig_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner det er naturleg at eit samfunn må vera registrert og at reglane for å få vigselfrett fylgjer reglane for å få tilskot.

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke, jf. kap. 13 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd_ Usamd__

Viktig_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner det er naturleg ut frå forenklingsomsyn at staten tar over dette ansvaret når det ikkje får følger for det totale tilskotet

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år, jf. kap. 14 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd__ Usamd_

Viktig_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner det ikkje er naturleg at ein av forenklingsomsyn skal gje ei lik aldersgrense for tilskotsteljande medlemmer i alle trus- og livssynssamfunn fordi oppfatninga av kven som er medlem og korleis ein vert fullverdig medlem er eit trusstandpunkt.

Framlegget til aldersgrense er henta frå eit livssynssamfunn som av interne trusmessige grunnar har vald ei aldersgrense, og ein bør ikkje la eit samfunn sine grenser danna ein mal for dei andre i denne saka.

Departementet legg opp til ei kompensasjonsordning ut frå dagens alderssamansetjing i trussamfunnet for at ein eventuell overgang til ny aldersgrense ikkje skal føra til redusert tilskot for trussamfunnet. Argumentet er at handsaminga av tilskot vil verta likare og enklare. Til dette er å innvenda at borna si stilling kan vera ulik i dei ulike trussamfunn og dette vil kunne kjennast som ei underkjenning av trussamfunnet sin rett til å definera medlemsskap. For samfunn som reknar born som fullverdige medlemmer, t.d. kristne samfunn som praktiserar barnedåp er dette problematisk. I tillegg vil trusopplæring og liknande tiltak retta mot dei under 15 år kunne utgjera ein stor del av nokre trussamfunnet sine utgifter og det vil dermed verka som forskjellsbehandling at borna ikkje skal bli rekna som støtteverdige medlemmer.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke, jf. kap. 14 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__
Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at dette tilskotet vert regulert årleg ut frå tilskotet til Den norske kyrkja og at medlemstalet i Den norske kyrkja ikkje lenger er grunnlag for å rekna ut dette tilskotet.

12. Tilskudd til investeringar i Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__
Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner dette er naturleg ut frå den allmenne verdi kyrkjebygg har ut frå arkitektoniske, historiske, kulturelle verdiar og som lokale identitetsmarkørar. Grensa ved år 1900 er sett av tekniske grunnar for å kunna berekna kva tilskot til kyrkjebygg som ikkje skal utløysa tilskot til andre trussamfunn. Argumentet for å setja grense her kan ikkje vera at nyare bygg ikkje utgjer kulturminner eller at dei ikkje er dyre å vedlikehalde. Kvar denne grensa vert sett, vil påverka den samla tildelinga på nasjonalt nivå til trussamfunn utanfor den norske kyrkja, så for kyrkja sin del, har dette ikkje så mykje å seia direkte. Slik sett kunne grensa like gjerne gått ved 1911 då dissenterloven kom. Det er likevel viktig at finansiering av vedlikehaldet på kyrkjebygga til Den norske kyrkja ikkje blir kopla saman med ei årstalsgrense. Kyrkja som kulturminne og stadskapande arkitekturmonument gjer at vedlikehaldet av nyare kyrkjer også treng ei god finansieringsordning. Ei slik ordning vil gjelda bygget sine «fellesverdiar» for alle i samfunnet og er ikkje knytt til kyrkja som trussamfunn. Kyrkjene er ein sentral del av den norske kulturarven og står i ei særstilling som kulturminner. Uavhengig av om det er stat eller kommune som får ansvar for å finansiere kyrkjebygga, bør det etablerast ein kyrkjeantikvarisk kompensasjon etter mønster frå «Den kyrkoantikvariska ersättningen» i Sverige, der staten tek på seg eit særskilt ansvar for å halda ved like kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg.

Av omsyn til likebehandling bør også andre trus- og livssynssamfunn få tilskot til særleg verneverdige gudshus.

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__
Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner dette er naturleg ut frå Den norske kyrkja si særstilling både historisk, samfunnsmessig og i grunnlova.

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Framlegg til svar:

Samd_X_ Usamd__
Viktig_X_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner dette er naturleg ut frå Den norske kyrkja si særstilling både historisk, samfunnsmessig og i grunnlova.

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet, jf. kap. 15 og § 6.

Framlegg til svar:

Samd Usamd ___

Viktig Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette, men det er viktig å skilja mellom kva eit trussamfunn gjer og kva einskilde grupper eller lokale trusfellesskap/kyrkjelydar i trussamfunnet gjer, så ein ikkje innfører kollektiv straff og tek frå eit trussamfunn støtte på bakgrunn av at eit organ eller ei forsamling bryt lova.

Bjørgvin bispedømeråd vil likevel uttrykka eit prinsipielt standpunkt om at det ikkje bør vera andre krav til trussamfunn enn dei som alt er nedfelt i lovverket, fordi ein føreset at det er sjølv sagt at trussamfunn må fylgja norsk lov.

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten, jf. kap. 17 og § 7.

Framlegg til svar:

Samd Usamd ___

Viktig Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette.

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete, jf. kap. 17 og § 7.

Framlegg til svar:

Samd Usamd ___

Viktig Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette.

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkeleg rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven, jf. kap. 8 og §§ 8 – 16.

Framlegg til svar:

Samd Usamd ___

Viktig Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette og meiner det er viktig å gjera tydeleg at formålet med lova er å leggja til rette for Den norske kyrkja, utan å ikkje leggja for stramme rammer for sjølvstende samstundes, men nyttar formuleringar som samsvarar med grunnlova og med kyrka si sjølvforståing.

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkeleg inndeling, kirkelege organer og valg til disse, jf. kap. 8 og §§ 10 og 11.

Framlegg til svar:
amd_ Usamd__
Viktig_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette. Det er viktig at Den norske kyrka som eige trussamfunn får full fridom til å organisera seg og sine indre forhold.

20. *Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg, jf. kap. 8 og § 13.*

Framlegg til svar:
Samd Usamd__
Viktig_ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette.

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at lova slår fast at kyrkjene er soknet sin eigedom, med mindre noko anna følgjer av særskilt rettsgrunnlag,.

Ein vil understreka, som det og vart sagt til spørsmål 12, at kyrkjene er ein sentral del av den norske kulturarven og står i ei særstilling som kulturminner. Uavhengig av om det er stat eller kommune som får ansvar for å finansiere kyrkjebygga, bør det etablerast ein kyrkjeantikvarisk kompensasjon etter mønster frå «Den kyrkoantikvariska ersättningen» i Sverige, der staten tek på seg eit særskilt ansvar for å halda ved like kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg.

20. *a Forbod mot bygging nærare kyrkja enn 60 meter – omsynet til kyrkja sine omgjevnader*

Kyrkja som signalbygg, kulturminne eller offentleg stadskapande arkitekturmonument i kulturlandskapet er truga der det er planar om bygging i omgjevnadene til kyrkja. Mange stader er det fare for innbygging, historiske siktlinjer kan forsvinna eller det blir bygd skjemmaende bygg nær kyrkjene. Uavhengig av medlemskap eller aktivt tilknytning til kyrkja, er det i interessa til dei fleste i landet vårt å ta vare på kyrkja si tydelege plassering i landskapet.

Etter kyrkjelova er det departementet som skal gje løyve til bygging nærare kyrkjene enn 60 m, men denne retten er delegert til biskopane. Bjørgvin bispedømeråd meiner at det er naturleg at departementet no ønskjer å seie frå seg denne rolla, men funksjonen som «vaktar» av kyrkjene og kyrkjene sine omgjevnader, må ikkje forsvinna. Den bør overlatast til Den norske kyrkja ved kyrkjemøtet (som gjerne kan delegera denne til biskopane). Bispedømerådet meiner dette kan vera ein del av kap. 3 i trussamfunnslova, sidan dette gjeld tilhøvet mellom kyrkja og samfunnet, det er ikkje ei intern sak for trussamfunnet Den norske kyrkja.

I høringsnotatet står det at dette er eit spørsmål som på vanleg måte bør avklarast gjennom kommunale reguleringsplanar og kommunen si behandling av byggesaker. Bjørgvin bispedømeråd vil hevda at kyrkjene krev eit sterkare vern enn dette. Ved å ta bort godkjenningsretten ved bygging nærare kyrkja enn 60 meter, vil ein eksisterande «vetorett» bli erstatta av kommunal saksbehandling som vi av erfaring veit kan vera pressa av mange sterke interesser, ofte av økonomisk art.

Bjørgvin bispedømeråd vil hevda at Den norske kyrkja som «særlovsregulert rettssubjekt utanfor staten», men med oppgåver på vegner av heile samfunnet, kan få heimel til å ha ei slik rolle.

I dag har bispedømeråda rolle som regionalt statleg høyringsorgan med motsegnrett i kommunale plansaker. Høyringsnotatet nemner ikkje kva ein tenkjer seg om denne rolla i framtida.

Bispedømeråda si rolle som regional høyringsinstans er heimla i Rundskriv Nr: H-2/14: *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*, der bispedømeråda er lista opp i eit vedlegg. Avinor AS er ein annan av partane som ikkje er eit vanleg offentleg organ som har motsegnrett, så det må vera rom for at ikkje berre offentlege etatar har ei slik rolle. Vi vil hevda at med si særskilte rolle som forvaltar av kyrkjebygga, må Den norske kyrkja kunna behalda rolla som høyringsorgan med motsegnrett.

Riksantikvaren og fylkeskommunane har også motsegnrett, men medan dei konsentrerer seg mest om freda og listeførte kyrkjer, er biskopen og bispedømerådet oppteken av omgjevnadene til alle kyrkjer, og for bispedømerådet sin del er også omsynet til alle gravplassar i tanken når ein uttalar seg om kommunale planar.

Tilhøvet mellom kyrkjelova og kulturminnelova er i dag regulert i rundskriv T3-2000 *Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*. Dette rundskrivet må truleg erstattast som ein konsekvens av at kyrkjelova går ut. Det er vesentleg at alle kyrkjer får eit rettsvern som i dag, og at ein ikkje reknar med at kulturminnelova skal kunna verna alle kyrkjene.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentleglova og arkivlova skal gjelde for kirken, jf. kap. 8 og § 16.

Framlegg til svar:

Samd Usamd

Viktig Uviktig

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette. Det er viktig at Den norske kyrka som eige trussamfunn får full fridom til å organisera seg og sine indre forhold.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent, jf. kap. 10 og § 12.

Framlegg til svar:

Samd Usamd

Viktig Uviktig

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette. Det er viktig at Den norske kyrka som eige trussamfunn får full fridom til å organisera seg og sine indre forhold, og sidan det kan reisast tvil om ein slik rett.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres, jf. kap. 8 og § 9.

Framlegg til svar:

Samd Usamd

Viktig Uviktig

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette.

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at

a) dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre eller mener du at

b) staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke, jf. kap. 9 og § 12 (alternativer)?

Alt 1

Framlegg til svar:

Alternativ a)

Samd_ _ Usamd__

Viktig_ _ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner relasjonen og nærleik mellom sokn og kommune er viktig. Dette blir best tatt i vare ved at kommunen har ansvar for kyrkja også finansielt.

Særleg er kommunalt ansvar for finansiering av kyrkjebygga med å styrkar eigarforhold frå lokalsamfunnet i forhold til kyrkja. Det er viktig at det er maktbalanse mellom dei lokale sokna og kyrkjemøtet, og dette trur ein delt finansiering vil bidra til.

Alt 2

Framlegg til svar:

Alternativ b)

Samd_ _ Usamd__

Viktig_ _ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner at lik handsaming av alle borgarar er viktig, og at dette blir best tatt i vare ved statleg finansiering og av Den norske kyrkja. Likeeins lik handsaming av kyrkjias egne medlemmer. I skilje kyrkje stat er det og viktig at kyrkja får fridom til å organisere seg slik kyrkja sjølv meiner er mest tenleg, utan å vere bunden til kommunestrukturen. Dette vil og hjelpe kyrkja til å forenkle eigen organisasjon og gje medlemmene, og samfunnet best mogleg tenester ut frå dei midlane som vert stilt til disposisjon. Det vil og styrke soknet sin stilling i kyrkjestrukturen, og sikre at kyrkja kan vere landsdekkande.

Alt 3

Framlegg til svar:

Alternativ a)

Samd_ _ Usamd__

Viktig_ _ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd meiner relasjonen og nærleik mellom sokn og kommune er viktig. Dette blir best tatt i vare ved at kommunen har ansvar for kyrkja også finansielt.

Ein vil særleg peike på Gjønnes utvalet sin modell, der kommunalt ansvar for finansiering av kyrkjebygga er skilt frå annan aktivitet. Dette fordi kyrkjebygga står i ei særstilling, og at kommunane er å finansierer dette, medan staten finansierer stillingar og anna, kan vere eit kompromiss. Det er med å styrkar eigarforhold frå lokalsamfunnet i forhold til kyrkja. Det gjev og kyrkja handlingsrom til å forenkle eigen organisasjon.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

Framlegg til svar:

Samd_ _ Usamd__

Viktig_ _ Uviktig__

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i dette.

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Framlegg til svar:

Samd X Usamd ___

Viktig X Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at kyrkja framleis skal ha ansvar for drifta av gravplassane. Erfaringa viser at kyrkja er ein god forvaltar av gravplassane på vegner av alle i samfunnet. Den historiske tilknytninga mellom kyrkja og gravplassane og det faktum at dei fleste gravplassar er kyrkjegardar rundt kyrkjebygga, er sterke argument for at det framleis skal vera slik. Reint praktisk vil vi også tru at det er effektivt at kyrkja er arbeidsgjevar for dei tilsette på gravplassen som mange stader har ei delt stilling mellom gravplassdrift og andre tenester for kyrkja.

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Framlegg til svar:

Samd ___ Usamd X

Viktig X Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Alt 1

Bjørgvin bispedømeråd er usamd i framlegget om fylkesmannen etter søknad frå kommunen ved forskrift kan treffe vedtak om at ansvaret som lokal gravplasstyresmakt etter lova skal overførast til kommunen.

Sjølv om ei eventuell overføring vil skje gjennom at det vert fastsett ei forskrift, og kyrkja då får høve til å seia si meining gjennom ei høyring, vil kyrkja med dette vera gravferdsforvaltning på kommunen sin nåde. Vi går inn for at ein vidarefører dagens ordning.

Alternativt svar:

Bjørgvin bispedømeråd er samd i framlegget.

28. Det ansvaret bispedømerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24.

Framlegg til svar:

Samd ___ Usamd X

Viktig X Uviktig ___

Framlegg til grunngjeving:

Kyrkja sitt ansvar for dette i dag, fungerer bra. Sidan det er kyrkjelege organ som forvaltar gravplassdrifta lokalt, er det naturleg at også kyrkjelege organ stå for godkjenningssaker. Framlegget om å overføra dette til fylkesmannen kan gje meining dersom lovgjevar seg for seg at mange kommunar vil søkja om å få ta over den lokale gravferdsforvaltninga. Det vil likevel vera stort nok volum på slike saker til å forsvara at både fylkesmannen og Den norske kyrkja (i dag ved bispedømerådet) forvaltar slike saker.

Dei fleste gravplassar er «kyrkjegardar» som ligg ved kyrkjene, og då soknet er eigar av dei fleste gravplassane, er det unaturleg at fylkesmannen skal gjera vedtak om plan for gravplassen og liknande (gravferdslova § 4). Vi trur også det vil føra til auka byråkrati, fordi fylkesmannen i si forvaltning vil vera avhengig av kyrkja si forvaltning. Vedtak om endring i

plan for gravplassen vil krevja at ein høyrer den andre parten som har ansvar for kyrkjebygget. Det betyr at både fylkesmannen og kyrkja må ha kompetanse.

Organiseringa av arbeidet knytt til desse sakene kan ein gjerne sjå på internt i kyrkja. I eit saksframlegg til kyrkjerådet står det at fylkesmannen som ei subsidiær løysing kan ha mynde som klageorgan, medan kyrkja beheld rolla som godkjenningsorgan. Dette er ei løysing Bjørgvin bispedømeråd ikkje vil vera imot, om det skulle bli aktuelt.

Erfaringa vår viser at det er nødvendig at kyrkja og gravplassane har sin «talsmann» i saker knytt til kulturminnevern og kommunale planar og byggesaker. Det mest effektive er då at Den norske kyrkja framleis er offentleg høyringsinstans i slike saker, med motsegnrett, jf. vår merknad i avsnittet om 60-meters grensa.